Selskapets vedtekter

Vedtektsdato: 14.04.2026

1. Selskapets navn er HORNINDAL 514 UTVIKLING AS

2. Selskapets virksomhet: Føremål er å fremme bulyst, tilflytting, næringsutvikling, innovasjon og verdiskaping i Hornindal med omland gjennom levering av tenester som til dømes: rådgjeving, kompetanseheving, nettverksbygging, tilrettelegging for vekst og verdiskaping, prosjektutvikling og leiing, koordinerer, samarbeide med lag og organisasjonar om arrangement og skape aktivitet i Smia. Selskapet tilbyr berre tenester og forvaltar ikkje tilskot, lån eller investeringsmidlar. Selskapet skal ikkje ha som mål å maksimere finansiell avkastning til eigarane.

3. Aksjekapitalen er kr 50 000,00

4. Aksjenes pålydende er kr 1 000,00

5. Namn: Hornindal514 Utvikling AS.

6. Forretningskommune er Volda. Selskapet skal ha sitt forretningskontor i Volda kommune, med postadresse 6763 Hornindal.

7. Aksjekapital og aksjar Selskapet sin aksjekapital er NOK 50.000, fordelt på 50 aksjer, pålydande NOK 1000. Aksjane er fullt innbetalt. Eigarfordeling kjem fram i stiftingsdokumentet med vedlegg og selskapet si aksjeeigarbok.

8. Omsettelege, samtykke og forkjøpsrett Overdraging av aksjar krev styret sitt samtykke, jf. aksjelova § 4-15. Ved overdraging av aksjar gjelder forkjøpsrett for dei andre aksjeeigarane, jf. aksjelova § 4-19.

9. Generalforsamling Ordinær generalforsamling skal haldast innan seks månader etter regnskapsårets slutt. Dagsorden skal minst omfatte: godkjenning av årsregnskap og årsberetning, disponering av årsresultatet, val av styre og eventuelt revisor, samt andre saker som etter lov eller vedtekter høyrer under generalforsamlinga. Generalforsamling kan gjennomførast digitalt dersom tilstrekkeleg deltaking og stemmegjeving kan sikrast.

10. Styre Selskapet skal ha et styre som består av 5-7 medlemmer. Leiar i styret skal veljast av generalforsamlinga. Styret har avgjerdsmynde når meir enn halvparten av medlemmane er til stades. Ved likt stemmetal har styreleiar dobbeltstemme. Styret skal sjå til at det er forsvarleg organisering, internkontroll og rutinar for habilitet.

11. Dagleg leiar Selskapet skal ha dagleg leiar. Dagleg leiar står for den daglege leiinga i samsvar med styret sine retningslinjer og sørger for at verksemda blir driven i tråd med føremålet.

12. Signatur og prokura Selskapet vert forplikta av styreleiar og eit styremedlem i fellesskap. Styret kan tildele prokura.

13. Rekneskaps år, budsjett og utbytte Selskapet sitt rekneskaps år følgjer kalenderåret. Det skal utarbeidast årleg plan for verksemda og budsjett som blir vedteken av styret. Selskapet skal ikkje dele ut utbytte eller andre utdelingar til aksjeeigarane. Eventuelle overskot skal reinvesterast i verksemda for å fremme formålet.

14. Tenester, prising og likebehandling Selskapet sine tenester skal tilbydast på transparente og ikkje-diskriminerande vilkår, med prising etter marknaden. Habilitet og dokumentasjon skal ivaretakast ved oppdragstildeling og kundeoppfølging. Selskapet skal sikre at verksemda ikkje inneberer ulovleg statsstøtte etter EØS-regelverket.

15. Anskaffingar og leverandørpolicy Selskapet er eit privat rettssubjekt og er normalt ikkje underlagt anskaffings-regelverket. Anskaffingar skal likevel gjennomførast på ein forsvarleg, etisk og konkurransefremjande måte, med vekt på pris, kvalitet og habilitet.

16. Arbeidsgjevaransvar og HMS Selskapet er arbeidsgjevar og skal følge arbeidsmiljøloven med føreskrifter. Styret skal sørge for at det blir etablert nødvendige personalreglement, HMS-rutinar og varslingsordningar.

17. Etikk, personvern og informasjonssikkerheit Selskapet skal ha etiske retningslinjer som omfattar anti-korrupsjon, gåver, sidegjeremål og interessekonfliktar. Selskapet skal ivareta personvern og informasjonssikkerheit i samsvar med gjeldande regelverk (GDPR), her under databehandlaravtaler der det er relevant.

18. Informasjon og openheit Selskapet er normalt ikkje underlagt offentleglova eller arkivlova. Selskapet skal likevel praktisere openheita om verksemda så langt det er foreinleg med lov og forretningsmessige omsyn.

19. Revisor/regnskapsfører Selskapet kan velje revisor. Dersom det er pliktig etter lov, skal revisor veljast av generalforsamlinga. Selskapet sine rekneskap skal førast av ein autorisert rekneskapsførar

20. Endring av vedtekter Vedtektene kan endrast av generalforsamlinga i samsvar med aksjelova.

21. Oppløysning og avvikling Ved oppløysning skal selskapet si nettoformue, etter dekning av forpliktingar disponerast i tråd med formålet. Midlar skal så langt mogleg nyttast til næringsutvikling i Hornindal med og i nærområde

22. Oppstart Vedtektene trer i kraft frå det tidspunkt dei blir vedteken av stiftarane/generalforsamlinga.